



- eit fyrtårn i vest

Blågrøne verdier og rekreasjonsområde på Straume

Kunnskapsgrunnlag



Rapporten inneheld informasjon om den blågrøne strukturen og rekreasjonsområda på Straume. Den viser til dagens situasjon, manglar, behov og moglegheiter.

Innhold

- 1. Innleiing**
Bakgrunn og formål
- 2. Overordna registrering av blågrøne verdier og rekreasjonsareal**
Om registreringa
Registrering av delområde
- 3. Oppsummering og refleksjonar**
Vegetasjon og blågrøne element
Leik/opphald/rekreasjon
- 4. Tilrådingar til vidare arbeid med Straume**

Registrering av dagens situasjon- Blågrøne struktur

1. Innleiing

Bakgrunn og formål

Denne rapporten er utarbeidd som eit kunnskapsgrunnlag for utvikling av strategiar for Straume, i samband med arbeidet med ny arealdel til kommuneplanen. I dette arbeidet er det gjort ei overordna kartlegging av den blågrøne strukturen i Straumeområdet. Registrering og analyser synleggjer korleis grønstrukturen er ivareteke, og vise manglar, behov og moglegheiter. Å få oversikt over kvar dei blågrøne områda våre ligg og kor mykje natur vi har att, er nyttig for å kunne etablera nye strategiar for dette tema.

Det er ei nasjonal forventning til at alle norske kommunar skal bidra til å redusera utslepp og ta vare på natur og naturområde, slik at vi saman kan nå dei nasjonale klima- og miljømåla, berekraftsmåla til FN og følgja opp naturavtalen ([kjelde](#)). Nedbygging av areal er den endringa som gjev størst utslepp av klimagassar i miljøet ([kjelde](#)). Norges natur som inneheld mellom anna skog, våtmark og hav utgjer store areal og lagrar klimagassar. Den menneskeleg påverknaden på desse areala er no så sterk at naturen ikkje lenger er like robust og økosystema våre er i ubalanse. Dette resulterer i at naturen ikkje er i stand til å dempa effektane av klimaendringane, og dermed er flaum og erosjon eit aukande problem ([kjelde](#)).

I følgje FNs naturpanel vert dyr, plantar og økosystem utrydda i eit høgare tempo enn nokon gong. ([kjelde](#)). Skal vi som kommune bidra til å snu denne trenden, må vi bruka våre planverktøy til å hindre nedbygging av natur og karbonrike areal som skog og myr, men også jordbruksjord, særleg beitemark ([kjelde](#)). Transformasjon av allereie nedbygde areal må få større del i sentrumsplanlegginga, framføre omdisponering av verdifulle og viktige natur- og friluftsareal.

Straume sentrum inneheld på lik line med andre norske småbyar og tettstader, mange grå flatar som er lite absorberande for vatn, forureining og svevestøv. Dersom vi skal bygga tett og kompakt for å ta vare på mest mogleg verdifull eller urørd natur, er det viktig at vi tenker nytt og kreativt om korleis vi kan inkludera naturen i bybildet. Det nye Sotrasambandet som skal stå ferdig i tidsrommet 2027-29 vil generera endå fleire tette og grå flatar i sentrumsbiletet. Korleis vi implementerer og tar omsyn til plante- og dyreliv kring desse vegane og i sentrumsområdet generelt, vil ha ein stor verknad på menneskes helse og oppleving av staden.

Vegetasjon og dyreliv er ikkje berre positivt for naturen og det biologiske mangfaldet, men forskning viser at meir grønt aukar trivselen og gjer oss menneske meir lykkelege ([kjelde](#)). Innspel om fleire rekreasjonsareal og stadar kor menneske kan samlast, er ein gjengangar i medverknadsprosessar for overordna planarbeid i kommunen, og skal vi bremsa den aukande trenden med meir einsemd i befolkninga, er vi avhengige av gode samlingsstader for alle aldersgrupper slik at vi kan leva gode liv gjennom heile livsløpet.

Strategiane for Straume følgjer mellom anna opp delmåla i samfunnsplanen som seier at *Øygarden er staden for gode opplevingar fordi vi tek vare på viktig naturen vår, på land og på sjø og Parallelloppdraget 2022-23*. Denne rapporten om blågrøn verdiar og rekreasjonsområde gir oss eit

overordna bilete av kva for type natur- og rekreasjonsområde vi har på Straume, og kva for rekreasjonsareal og vegetasjon vi har behov for meir av slik at vi kan følgja opp med strategiar for ønskja utvikling og nå måla i Samfunnsdelen til kommuneplanen.

Tre av råda i Parallelloppdraget for Straume i 2023, handla om temaa grønt og rekreasjon: Råd 4: Tilfør meir grønt og bruk vatn i byutviklinga. Råd 7: Set fokus på korleis utforming og uterom påverkar menneska. Råd 8: Gjer kystbyen Straume til ein møteplass for alle generasjonar. Desse råda skal ligge til grunn når vi utarbeidar strategiar for Straume.

2. Overordna registrering av blågrøne verdier og rekreasjonsareal

Om registreringa:


I denne registreringa er Straume sentrum med tilgrensande areal delt inn i ulike område som er gitt anten av landskapsformar og/eller område med same karakter av type bustadar og innhald.

Inndelinga har som formål å gjera skildringa av dei blågrøne strukturane og rekreasjonsareala meir oversiktleg for lesaren. Det er nummererte område på kartet slik at det vert enkelt å finne att informasjon i teksten.

Registreringa er utført på eit overordna nivå for å få ei samla oversikt over kor dei blågrøne områda og rekreasjonsområda ligg, og kor mykje grøntareal vi har på noverande tidspunkt. Det er også sett på om vi har samanhengande grøntareal som det er viktig å ta vare på ved utvikling av nye strategiar og planlegging av ny arealbruk. Rapporten viser også til manglar, behov og moglegheiter. Overvassleidningar er omtalt i dei områda kor det ligg eit potensial for å opna overvasssystemet og la bekkar eventuelt renna fritt.

Det er ikkje gjort detaljert registrering av naturtypar eller artsmangfald, men i enkelte område er dei mest framtrekande vegetasjonstypene omtalt for å gje eit betre bilete av områdets innhald og karakter.

Eksisterande leike- og rekreasjonsområde er også registrert, med informasjon om type område og plassering. Dette utgjer eit viktig kunnskapsgrunnlag i arbeidet med å utvikle nye strategiar og vurdere ny framtidig arealbruk.



Figur 1 Kartet viser dei ulike delområda kor blågrøne areal og rekreasjonsområde er registrert

Registrering av delområda:

Delområde 1: Sentrum



Figur 2 Foto: Øygarden kommune

Vegetasjon og blågrøne element:

Grå areal dominerer i Straume sentrum, med noko innslag av planta vegetasjon. Sotraplassen har eit vasselement, plenareal, noko lågtveksande vegetasjon og nokre furu- og bjørketre. Sartorvegen har eiketrær og rabattar med buskar på begge sider av vegen. Fleire av dei eldre trea i den nordre delen av Sartorvegen er i dårleg forfatning, med råde og skadar som har ført til at enkelte tre har velta og skapt tryggleiksutfordringar.

Nordre delen av sentrum grensa til Stovevatnet fram til 2024, men vatnet er no drenert og erstatta med areal for utbygging og Sotrasambandet. Området hadde tett med vegetasjon langs heile randsona. Vatnet var ein viktig resipient for overvatn frå omkringliggande areal.

Vegetasjonen og uteareala i sentrum er skjøtta i varierende grad. Fleire av trea i den nordlege delen av Straume er gamle og har fleire skadar, nokre av dei har velta dei siste åra. Sentrum vert i liten grad tilplanta i samband med sesongar eller høgtider, og vegetasjonen er i hovudsak av ein type som krev minimalt med vedlikehald.

Drift og skjøtsel av Sartorplassen er det kommunen som er ansvarleg for, medan grøntareala rundt kjøpesenteret i hovudsak vert vedlikehalde av private aktørar. Kommunen har også ansvar for Grønamyrvegen, inkludert rundkøyringa i den sørlege enden. Rundkøyringa har få plantar, berre nokre crocus på våren. Fylkeskommunen har ansvar for skjøtsel av Sartorvegen, medan kommunen har ansvar for nordre del av vegen og området rundt dagens bussterminal.

I søre delen av sentrum ligg parken Sartorlunden som vart bygd i 2019. Kommunen overtok parken frå private aktørar i 2024. Parken har eit rikt arts mangfald av vegetasjon, og den inneheld fleire etelege artar som rips, eple og stikkelsbær, i tillegg til innslag av stadeigen vegetasjon som rognetrær og røsslyng. Vest i parken ligg eit vatn som tek opp overvatn frå omkringliggjande område. Det går overvassleidningar frå Arefjordvegen og sør i parken, ned til vatnet. Randsona av vatnet er planta til

med vasskjære artar som t.d. liljer som blomstrar etter sesong. Parken er svært frodig store deler av året.

Fleire av bustadblokkene i sentrum har vegetasjon i leike- og uteopphaldsareala. Nokre har etelege vekstar og fått etablert dyrkingskassar. Tett på sentrum er det fleire einebustader med store og frodige hagar, med variert vegetasjon.



Figur 3 Foto: Øygarden kommune. Sartorlunden sett frå sør

Leik/opphald/rekreasjon:

Dei siste ti åra er det etablert fleire nye rekreasjonsareal i sentrum. Desse har varierende utsjånad og funksjon for å nå ei brei målgruppe. T.d. er det i samband med bygging av prosjektet Kysthagen som ligg vest for Sartorparken, komen eit nytt- leike og uteopphaldsareal som er kopla til eit grøntområde ved bustadkomplekset Ankerhagen. Arealet er ein del av traséen Straumsallmenninga frå byromstrategien til Kommunedelplanen for Straume. Ved traséen er det etablert ein bål plass og enkelt tilrettelagt med leikemoglegheiter i naturmaterialar. Det er også enkelt tilrettelagt med sklie og leikehus framføre bustadblokka.

Det er etablert nokre leikeelement for ulike aldersgrupper som er sett opp midlertidig sidan området er i transformasjon.

Sartorplassen er dagens sentrum sitt naturlege midtpunkt og festplass. Plassen har eit moderne uttrykk med ei relativt høg materialkvalitet med granitt som «gategolv». Ein grøn plen er inndelt i ulike nivå og tar opp høgdeskilnadane i terrenget. Det er planta til med bjørke- og furutre og det er tilrettelagt med benkar og nokre leikefasilitetar. Den blå leikeinstallasjonen i gummi asfalt som ligg sentralt på plassen er svært populær for barn og unge, og har bidrege til å gje identitet til staden,

saman med skulpturen Konglo. Barn og unge kallar området «den blå plassen» på folkemunne. Det vert halde ulike arrangement på Sartorplassen, mellom anna den årlege julegrantenninga og plassen er relativt tettpakka med menneske på dagar med slike arrangement.

Ved søre inngangen til Sartor senter er det ein relativt nyoppført leikeplass som høyrer til bustadblokkene. Utforming av leikeplassen med rutsjebane som tek opp høgdeskilnaden i terrenget, bind saman det private uteopholdsarealet og det offentlege tilgjengelege arealet. Leikeplassen er eit mykje nytta leikeareal i sentrum, også av barnehagar i området.

I Grønmyrvegen på austsida av Sartor senter ligg plassen Grønatorget eller Grønapplassen, omkransa av butikkar og ein interørkafé. Store delar av plassen kan nyttast til å skate på, og det er etablert fleire ulike sitjeelement kor nokre er integrert i eksteriøret. T.d. er det bygd to paviljongar med lademoglegheit for mobil og anna utstyr. Her kan ein sitte under tak og «henga» med vener. Takoverbygd sykkelparkering er etablert lengst nord på torget.

Parken Sartorlunden har fleire benkar og lengst sør er det etablert eit klatre- og treningsområde. Parken inneheld også eit gjenbrukshus som er meint for opphald og rekreasjon, og t.d. mindre kulturarrangement og for anna utleige.



Figur 4 Foto: Øygarden kommune. Sartorplassen/Sotraplassen Sartorvegen



Figur 5 Foto: Øygarden kommune. Leikeareal i søre enden av

2. Delområde Botnafjellet/Stekervika/Straumfjellet:




Figur 6 Foto: Øygarden kommune.

Vegetasjon og blågrøne element:

Stekervika og Botnafjellet i nord, har innslag av vegetasjon innimellom bustadområda og eit større grøntområde ligg aust for Skyss sin parkeringsplass for bussar. Arealet har tett vegetasjon med buskar og tre, der lauvfellande tre dominerer. Vegetasjonen heng saman med eit større grøntområde som strekk seg nordover, men koplinga forsvinn ved etablering av Sotrasambandet. Det går ein samanhengande grønnkorridor frå tidlegare Stovevatnet i nord til Arefjordvegen i sør, med to mindre hindringar, lokalvegane Botnafjellsvegen og Straumsfjellvegen.

Søre delen av Straumsfjellet er eit av dei største grønne områda som er att i sentrumsområdet. Deler av desse grønne areala er regulert til bustad og arbeid med fjerning av vegetasjonen er i gang. Skogen lengst sør er ikkje regulert til bustad og består hovudsakleg av tett vekst av gran, furu og lauvfellande tre som bjørk og selje.

Like sør og aust for bustadblokkene Straume Panorama, er det to kommunalt eigde friområde. Det eine arealet kalla Varden har tett vegetasjon av buskar og lyng, og lite synleg bart fjell. Det er også innslag av spreidd gran i klynger. Det austre friområdet har tett lågveksande vegetasjon med lite synleg bart fjell. Lyng og furu dominerer. Friområdet har tettare vegetasjon i tresjiktet.



Figur 7 Foto: Øygarden kommune. Straumsfjellet

Leik/opphald/rekreasjon:

Mellom bustadområde Svartabergje som ligg aust for Sartor senter og vegen Storskaret, er det etablert eit tråkk som har danna ein sti over tid. Stien er nytta som tilkomstveg for gåande som skal til skogen aust for Svartabergje eller til gangbrua over vegen Storskaret. Skogen vert brukt av barnehagar og det er mykje spor av leik. Barnehagen læringsverkstaden Aronien har ført opp ein enkel gapahuk og tilrettelagd området med sitteplassar, bål plass og leikemoglegheiter.

Mellom Straumsfjellvegen (i enden av vegen) og vegen Storskaret, ligg eit grøntområde kor det er registrert fleire opptårka stiar. Truleg vert området nytta til leik, men også som snarveg frå

bustadområde og fram til gangbrua over fylkesvegen. Spaserer ein nordover er det mogleg å kople seg på en sti i grøntområde aust for fylkesvegen som er ein snarveg til Arefjord. Bustadområda Stekervika, Botnafjellet, Svartabergje og Straumsfjellet har fleire private leikeplassar med varierende kvalitet og tilstand. Bustadanlegget Straume panorama har eit relativt stor uteopphaldsareal med nokre leikeapparat. Området ligg skjerma til og er privat eigd.




Figur 8 Foto: Øygarden kommune. Stekervika



Figur 9 Foto: Øygarden kommune. Straume Panorama

3. Delområde Vestre del av Straume sentrum og vestre del av søre Straume bustadområde



Figur 10 Foto: Øygarden kommune

Vegetasjon og blågrøne element:

Vestre del av Straume sør er eit tettbygd småhusområde med få store grøntareal. Det er fleire mindre fragmenterte grøntareal og private hagar som utgjer hovudvekta av vegetasjonen i området.

Like vest for Høgestølen ligg eit beiteområde som i dag er i aktiv bruk til beiting. Vegetasjonen består dermed hovudsakleg av lågt gras, med enkelte innslag av tre. Karakteristiske bergformar er synleg i terrenget. Dette eitt av dei få attverande områda på Straume der sau framleis beitar.

Strandsona langs Straumsundet, frå bustadområdet Sjøfronten og sørover til Bukkatåvika, er relativt vegetasjonsrik og prega av tett buskvegetasjon og ulike tre. Området har særleg innslag av lauvtre, som hassel og bjørk. Lengst sør i Bukkatåvika ligg eit større, privat grøntområde der vegetasjonen blir halden nede gjennom beiting og slått, noko som bidreg til å oppretthalde eit ope kulturlandskap.

Leik/opphald/rekreasjon:

I samband med etableringa av bustadområdet Sjøfronten er det etablert nokre enkle leikeareal med klassiske leikeapparat. Når området er ferdig opparbeidd i sin heilskap, vil det bli eit grønt, lunt og attraktivt fellesareal med god tilgang til sjøen. Det er planlagt både ein offentleg og fleire private kaifrontar, som vil leggje til rette for aktivitetar som utsetting av kajakk og anna sjøsport. Det vil også bli mogleg å leggja til med båtar langs den offentlege kaifronten.

I området ved Instamyra og Høgestølen, like sør for Sartor senter ligg det nokre leikeareal med varierende kvalitet og storleik. Bustadområde Høgestølsmyra har det største grøne leike- og uteopphaldsarealet i området. Arealet er relativt flatt, har fleire sitjegrupper og nokre leikeapparat som sklie, båt og dissestativ. Her er moglegheit for ballspel og aktivitetar som er meir plasskrevjande. Området fungerer som eit naturleg samlingspunkt for eit større område enn berre Høgestølsmyra, og barnehagar nyttar det ofte til utfluktar.

Bustadområdet Geitevikja i sør har dei siste åra fått fleire nye leike- og uteopphaldsareal i samband med utviklinga av området, og fleire vil koma i samband med nye bustadprosjekt. Leikeareala varierer i storleik, innhald og kvalitet, men alle inneheld tradisjonelle leikeapparat. Sør for bustadområdet i Geitevikja ligg Bukkatåvika med sørevendte svaberg. Desse vert nytta til bading, men tilgangen ned til sjøen er privatisert og stengd av med gjerde.



Figur 11 Foto: Øygarden kommune. Høgestølsmyra



Figur 12 Foto: Øygarden kommune. Bukketåvika

4. Søre Straume/næringsområde



Figur 13 Foto: Øygarden kommune. Straume næringspark

Vegetasjon og blågrøne element:

Området i sin heilskap har lite vegetasjon med bakgrunn i store flate areal planert til formål for næring- og industriaktivitet som har pågått over ei årrekke i Straume næringspark. Det finst noko kantvegetasjon mellom dei ulike næringsareala, men det er få areal som er tilplanta med prydvegetasjon. Det er i større grad restareal som har vore dekkja til med jord, og vegetasjonen har vakse fritt.

Like sør for gjenvinningsstasjonen i Lonavegen ligg eit friområde som vert brukt til aking. Dette arealet er ØyVAR no i gang med å opparbeida samband med utviding av gjenvinningsstasjonen. Terrenget er omarbeidd og akebakken er utbetra. Friområdet skal plantast til med vegetasjon, slik at det blir ein buffer mellom stasjonen og bustadane i sør. Arealet vert ope for ålmenta. Like sør for dette arealet ligg ein vegetasjonskledd kolle på om lag 38 dekar som på eit smalt parti heng saman med grøntarealet vidare ned mot Geitevikja og Knappen. Kollen har mykje vegetasjon med noko synleg berg i dagen. Vegetasjonen består hovudsakleg av furu, gran og bjørk, i tillegg til buskar som einer og lyng. Kollen er ein buffer mellom bustadområdet i vest og industriområdet Smålonane i aust. Geitevikja i sør er vegetasjonsrik med mykje tre og buskar, og lite synleg bart fjell. Furu, gran og bjørk og dominerer.

Omtrent midt i næringsparken, langs med Idrettsparken ligg eit relativt lite vatn. Miljøet kring vatnet er fuktig og sumpaktig, med mykje vegetasjon av tre, buskar og gras. Det går ei overvassleidning frå Idrettsvegen og ut i vatnet. Det går også ei overvassleidning frå Sotra arena, gjennom det store planerte arealet i Storalona som vert avslutta i terrenget om lag 300 meter frå Geitevikja.

Leik/opphald/rekreasjon:


Like sør for parken Sartorlunden ligg den private barnehagen Eventus Sartorlunden. Utanom opningstida er denne barnehagen mykje brukt og har blitt eit naturleg samlingspunkt for nabolaga i nærleiken. Uteområdet er relativt flatt og hardt, men dei har teke vare på den tidlegare beitemarka på austsida av bygget. Her er uteområdet opparbeidd på terrengets premissar.

Omgjevnadane rundt Sotra arena er ikkje særleg tilrettelagt for opphald og rekreasjon, utover at det er etablert ein leikeplass ved inngangen til hallen. Leikeplassen har kort avstand til turløypa i Idrettsparken og Skogavatnet. Her var det tidlegare sandvolleyballbaner, men desse er erstatta med fleire overflateparkeringsplassar. Strandsona langs Skogavatnet vert nytta til arrangement, resting og rekreasjon. Skogavatnet, Ebbesvikvatnet, Sauavatnet og områda rundt desse er registrert som eit svært viktig friluftområde. Meir om kartlegginga finn ein her: [Naturbase faktaark](#) Danielsens barneskule har eit leikeområde som er ope for ålmenta. Det inneheld tradisjonelle leikeapparat og fotballbanar.

Geitevikja i sør er eit bade- og friluftsområde som er svært mykje brukt. Området vert drifta av BOF (Bergen og omland friluftsråd), og er relativt nyleg utvida og oppgradert. Offisiell opning var 23. april 2023. Det er komen ei ny kaifront langs sjølina som liknar ei tribune, ein rasteplass med takoverbygg lengst inne i vika, eit stupebrett og ein universell tilrettelagt baderampe ned i sjøen. Området er registrert som eit svært viktig friluftsområde. Meir om kartlegginga: [Naturbase faktaark](#) Det er mogleg å komma frå næringsområde eller bustadområde i Geitevikja, ned til friluftsområde via ein opptrakka sti, men denne er gjennom privat eigedom og ikkje enkel å finna fram til for dei som ikkje er kjend. Den mest nytta tilkomsten er via Idrettsvegen gjennom Straume næringspark. Det er lite parkeringsplassar ved området, men fleire HC- parkeringsplassar er tilgjengeleg.

Preg barnehage (tidlegare Løveparken) ligg like sør for Sotra arena. Leikearealet var tidlegare ope for ålmenta, men er no stengd av for publikum etter opningstida til barnehagen.

5. Midtre og søre Bildøyna



Figur 14 Foto: Øygarden kommune. Søre Bildøyna

Vegetasjon og blågrøne element:

Meir spreidd bustadbygging og mindre bygningsvolum enn på Straume gjer at området er relativt grønt og har fleire større og samanhengande grøne areal. Vegetasjonen på nordre del av Brandalsfjellet og areala nær Skjærgardsvegen er no fjerna i samband med bygging av Sotrasambandet. Flyfoto er ikkje oppdatert iht. dagens situasjon.

Like ved Sotra vidaregåande skule ligg eit vatn omkransa av mark og skrinne vegetasjon. Arealet ber preg av å vera godt skjøtta mot sørvest. Einebustader med vegetasjonsrike hagar omkransar vatnet, og bustadområde i sin heilskap framstår grønt og har eit preg av landbruksaktivitet. Vatnet tek opp i seg overvatn frå områda i nærleiken og det går eit overvassrør under vegen frå parkeringsplassen ved VGS og ned til vatnet. Bildøy garden ligg i dette området og har fleire opne grasflatar kor sauar beitar. Bildøy gard er tydeleg innskrensa som beiteområde med bakgrunn i byggeaktiviteten til Sotrasambandet.

Områda kring dei to skulane har ein del kantvegetasjon og vegetasjonstette kollar med fleire tre. Bjørk dominerer i tresjiktet.

I området kring Bildøystranda er det rikt med vegetasjon og lauvfellande tre. Store delar strandsona langs heile søre Bildøy er relativt vegetasjonsrik med noko lågtveksande vegetasjon og fleire tette parti med tre. Frå ROP-huset i aust til bibelskulen i sør, er det breie parti med relativt store trefelt og lite bart fjell. Frå sør til nord mot Bildøystranden er det smalare parti med tre, men tett med vegetasjon, slik at strandsona er i mindre tilgjengeleg.

Frå Steinsvikvegen, gjennom Byklettvegen som går fram til Bildøystranden i Vollvika, ligg det ei overvassleidning som endar om lag 40 m ut i Sjøen. Det ligg også fleire overvassleidningar austover som går frå om lag same område i Steinsvikvegen.


Leik/opphald/rekreasjon:

Området i sin heilskap har få gode tilgjengelege og tradisjonelle leikeareal, men det finst eit fåtal som ligg innimellom dei etablerte bustadområda.

Bildøystranda i Vollvika har over fleire år vore eit populært rekreasjonsområde som tiltrekkjer seg besøkande frå heile kommunen. Området er eigd av kommunen og er godt tilrettelagt med grillar, sandvolleyballbaner, fotballbane og benkar. I 2023 vart området ytterlegare oppgradert med meir plenareal, noko som gir betre tilhøve for dei som nyttar stranda.

Uteområdet til Fjell Ungdomsskule er ikkje særleg tilrettelagt for opphald, utover at det er nokre plenareal og spreitt plasserte benkar rundt om. Den store fotballbana vert byggetomt for den nye ungdomsskulen, og sandvolleyballbana vart fjerna og erstatta av midlertidige brakkar, ettersom skulen hadde behov for større areal til fleire elevar i 2024.

6. Nordre Bildøyna



Figur 15 Foto: Øygarden kommune. Nordre Bildøyna


Vegetasjon og blågrøne element:

Nordre Bildøyna/Bildetangen er eit av dei største naturområda tett på regionsenteret. Bildøytangen har eit vegetasjonsrikt kystlandskap med beiteområde i vest. Naturen i området inneheld fleire skogsområde og parti med myr. Skogen er ein blanding av planta skog med framandartane buskfuru/bergfuru og noko sitkagran og noko gammal og yngre lauvskog jf. naturmangfaldvurderinga til Bildetangen ([Kjelde](#)).

Leik/oppdald/rekreasjon:

Austre sida av Bildøytangen har spreidde fritidsbustader frå nord til sør og strandsona er derfor meir privatisert. Holmavatnet og området vest for vatnet er registrert som friluftsområde og er ein god lokalitet for bading. Meir om registreringa: [Naturbase faktaark](#)

7. Tytebærbrekko, Storhelleren og Blombakkane fram til Straume kyrkjegard




Figur 16 Foto: Øygarden kommune

Vegetasjon og blågrøne element:

Området er eit tettbygd småhusområde med nokre større grøntareal. Fleire mindre fragmenterte grøntareal og private hagar utgjer hovudvekta av vegetasjonen i området. Rett sør for vegen Storhilleren ligg eit større nedsenka grøntområde med tett vegetasjon. Vegetasjonen består hovudsakleg av lauvfellande tre og buskar. Arealet strekk seg frå Foldnesvegen i aust til sjøen i vest, og heller gradvis mot sjøen. Overvassrør ligg i grunnen og leiar vatnet ned til sjøen.

Langs strandsona frå vegen Blombakkane, til Skipsdalen ved Straume kyrkjegard, er eit større samanhengande grøntdrag. Kommunen er grunneigar av heile strekninga, og det ligg ein overvassleidning i Skipsdalen frå Foldnesvegen i aust til sjøen i vest. Heile strekninga har tett vegetasjon med lite bart fjell. Vegetasjonen består av lauvfellande tre, nåletre og buskar.



Figur 17 Foto: Øygarden kommune. Skipsdalen

Leik/opphald/rekreasjon:

I Tyttebærbrekko er det eitt relativt stort og eitt mindre leikeareal i dårleg forfatning. Områda er attgrodd og ber ikkje preg av å ha vore vedlikehalde i nyare tid. Det største og mest nytta leikeområdet ligg like vest for Straume barnehage i Blombakkane. Området er i kommunalt eige og relativt enkelt opparbeidd. Fleire barnehagar nyttar leikeområdet til utfluktar og det går ein sti ned til sjøen kor det ligg ein kommunal kai. Kaien vert nytta til bading og fiske, mest av dei som bur i området. Strandsona er elles ikkje særleg tilgjengeleg for ålmenta, då den er bratt og det ikkje er så enkelt å ta seg fram i terrenget. Utearealet til Straume barnehage vart oppgradert for nokre år tilbake, og har eit godt utval av leikemoglegheiter for dei aller minste og for dei litt større barna. Arealet vert mykje nytta på ettermiddagstid også.

I grøntdraget ved Storhelleren har kommunen nyleg kjøpt ein eigedom ved sjøen. Dette området har potensial til å bli eit attraktivt, offentleg rekreasjonsområde. Det vil kunne bidra til å styrka tilgangen til sjøen både for dei som bur i nærområdet i dag, og for nye innbyggjarar som vil etablere seg i den nordre delen av sentrum, der det no blir planlagt utbygging og ny videregående skule.



Figur 18 Foto: Øygarden kommune. Offentleg eigd område med naust og kai i Storhelleren

8. Rådhuset og Skjenet



Figur 19 Foto: Øygarden kommune.
Nord i bilete er Skiftedalsvatnet.

Vegetasjon og blågrøne element:

Nordaust for Rådhuset, også kalla Skjenet, ligg eit større grøntområde med tett vegetasjon. Dette er eitt av dei få sentrale og større grønne areala kopla på marka mellom Foldnesvegen og Hjelteryggen. I tresjiktet består hovudsakleg vegetasjonen av lauvfellande tre som bjørk og selje og nåletrea furu og gran. I tillegg er det tett vegetasjon i busksjiktet med einer og lyng, i tillegg til bregne og gras. Det er lite synleg berg i dagen. Det er registrert to myrar i dette området.

Skiftedalsvatnet er eit mellomstort vatn som ligg like ved Foldnes kyrkje. Det er samanhengande vegetasjon kring heile vatnet. Sørsida av vatnet har tett vegetasjon og terrenget er relativt bratt. Vestsida og austsida er meir ope og det er etablert ein liten sti langs vatnet frå Skjenet til Leirstaden barnehage i nord. Vegetasjonen varierer mellom tett og ope. Aust for Foldnes kyrkje ligg Foldnes gravplass, som fremstår frodig og grøn. Like ved ligg ei relativt stor og langstrakt myr.

Leik/opphald/rekreasjon:

Området kring Skiftedalsvatnet er registrert som eit svært viktig friluftslivsområde jf.

Kartlegging av friluftslivsområder i Fjell kommune. Meir info om registreringa: [Naturbase faktaark](#).

Skiftedalsvatnet er delvis opparbeidd med sti, brygger og badeplass ved Foldnes kyrkje. Nordsida av vatnet er mykje i bruk, og bryggene vert brukt til fisking og bading på sommarstid, og skøyting på vinteren.

På austsida ligg hovudstranda, like bak kyrkja. Området er svært godt brukt og skular og barnhagar nyttar området til rekreasjon. Turvegen Foldnes-Hjelteryggen, også kalla Kyrkjevegen, strekk seg frå kyrkja sin parkeringsplass, gjennom marka og fram til Skaret på Hjelteryggen. Ruta er på om lag 5,2 km tur/retur og ved Larslivatnet er det laga til ein rasteplass med benkar og bord av stein. Larslibua vart etablert her i 2021 og er ein del av dagsturhyttetilbodet i kommunen. Turvegen er ein del av det registrerte friluftsområdet *Foldnes-Hjelteryggen* som har fått kategorien *svært viktig friluftsområde*. Rv 555 er ein barriere for dei som soknar til området frå sørsida av vegen, men ved opning av Sotrasambandet vert det mogleg å gå over riksvegen via ein gangbru ved Stekervika. Dette vil gjera området meir tilgjengeleg for dei som bur i området kring Botnafjellet sentralt på Straume.

I nord ved Foldnes kyrkje ligg Leirstaden barnehage og i sør ved Skjenet ligg Læringsverkstaden Straume barnehage. Sistnemnde brukar marka som del av den daglege aktiviteten utandørs.

9. Foldnes skule og bustadområda kring den



Figur 20 Foto: Øygarden kommune.

Vegetasjon og blågrøne element:

Tettbygd småhusområde med relativt få store grøntareal. Nokre mellomstore og fragmenterte grøntareal og private hagar utgjer hovudvekta av vegetasjonen for området. Kommunen eig fleire av desse mellomstore grøntområda som ligg mellom bustadane.

Lengst nord i området ligg eit stort grøntområde med svært tett vegetasjon, kor gran dominerer i tresjiktet. Like aust for dette ligg Grunnavågsvatnet som også har relativt tett vegetasjon langs heile randsona av vatnet. Like sør for Foldnes skule ligg Straume kyrkjegard, som grensar til eit relativt stort grøntområde.

Aust for fylkesvegen ligg bustadområde Pollhaugen. Bustadområdet grensar til eit større utmarksområde kalla Søre- og Nordre Pollhaugen. Området består av eit vatn, fleire myrområde og terrenget varierer mellom å ha ope og skrinne vegetasjon til tette klynger med tre.

Leik/opphald/rekreasjon:

Markaområde Søre- og Nordre Pollhaugen er del av det registrerte friluftsområde *Foldnes-Hjelteryggen* med kategori svært viktig. [Naturbase faktaark](#).

Grunnavågsvatnet og området vest for vatnet er registrert som eit viktig friluftsområde og vert mykje nytta til tur av både vaksne og barn. Her er det mogleg å komma ned til sjøkanten og det er gode bade- og fiskemoglegheiter. [Naturbase faktaark](#)

Foldnes skule med sitt uteareal er det største arealet med leiketilbod for barn og unge i området. Det er elles få leikeareal av god kvalitet i nærleiken. Det er registrert nokre mindre område med spor av leik, men dette er areal som ikkje har vore vedlikehalde.

3. Oppsummering og refleksjonar

Vegetasjon og blågrøne element

I Straume si sentrumskerne og området kring senteret er det registrert mange grå og harde flater med mykje asphalt og betong. Sentrum sitt uttrykk er relativt grått og hardt. Det ein finn av vegetasjon er små tilplanta areal, plantekassar, kantvegetasjon langs vegar og private felleshagar tilknytt bustadblokkene.

Det er tydeleg at vegetasjon, både som estetisk og funksjonelt element, ikkje har vore ein høgt prioritert del av sentrumsutforminga. Dei siste åra har situasjonen likevel betra seg noko, i takt med transformasjon av sentrumsareala og etablering av nye bustadprosjekt, der det har vore krav om grønstruktur og gode uteopphaldsareal. Trass i dette framstår mykje av det grønne innslaget i sentrum framleis som tilfeldig og til dels rufsete. God estetikk bidreg med å gje identitet til ein stad, og slik Straume sentrum er i dag så er det ikkje vegetasjon som bidreg som identitetsskapande element. Her ligg det eit betydeleg potensial for forbering.

I områda nær Sartor senter finst det fleire større grøntområde, som til dømes Straumsfjellet og Skjenemarka aust for Øygarden rådhus. Desse areala er i dag ikkje kopla saman med sentrumskjerna, og det er derfor behov for betre koplingar og samanheng i grøntstrukturen.

Grøntområda på Straume er generelt fragmenterte og utilgjengelege, og nokre er i mindre grad eigna for rekreasjon enten grunna topografi eller manglande tilrettelegging. Samstundes har vi behov mange ulike type grøntareal for ta vare på økosystema og det biologiske mangfaldet, og ikkje minst leveområde for dyreliv og fauna. Gjennom god og heilskapleg planlegging ligg det eit stort potensial i å styrke den blågrøne strukturen på Straume ved å gjere grøntområda meir samanhengande, meir tilgjengelege og betre integrert med resten av sentrum og kvardagsaktiviteten der.

Det vegetasjonskledd høgdedraget like sør for ØyVAR sitt gjenvinningsanlegg i Lonavegen er eit døme på eit grøntareal med fleire funksjonar og nytteverdiar.

Gjennom dialog med bebuarar i området har det kome fram at arealet blir nytta til tur og rekreasjon, men i avgrensa grad. Det er ved dialog med bebuarar i området registrert at nokre personar brukar arealet til tur og rekreasjon, men den kanskje aller største verdien er at grøntområde er ein nyttig vegetasjonsbuffer mellom næringsaktiviteten i aust og det etablerte bustadområdet i vest. Grøntdraget dempar både støy, tek opp i seg vatn, svevestøv og forureining, og gir eit skilje mellom dei to arealformåla bustad og næring. Dette er eit typisk areal som kan bli oppfatta som lite verdifullt i naturmangfaldssamanheng, og dermed utsett for nedbygging eller omdisponering. Nettopp derfor er det viktig å løfte fram desse typane grøntområde i ein større samanheng, slik denne rapporten legg opp til.

Registreringa har tydeleg vist oss at vi har svært lite vegetasjon i den sentrale delen av Straume, medan det finst meir vegetasjon og større vassdrag i nærområdet og i ytterkanten av regionsenteret. For mange som bur i sentrum, er kvardagsnaturen, det vil seia natur- og grøntområde som er lett tilgjengelege frå eigen bustad, nærmast fråverande. Kvardagsnaturen er svært viktig både for samfunnsøkonomien og folkehelsa. Skal vi klara å følgja opp råda frå parallellprosjektet må kommunen innføra metodar og reiskap for å sikra grønstruktur i planar og utbyggingsprosjekt.

Oppsummerande punkt for vegetasjon og blågrøne element:

- Straume sentrum har svært mange grå og harde flatar, det grønne er ikkje framtrедande i sentrum
- Større grøntareal utanfor eller i nærleiken av sentrumskjerna, men dei er lite kopla til sentrum
- Lite samanhengande grønstruktur
- Manglar parkar med større grønne flatar og med eit breitt mangfald av vegetasjon
- Vatn som ressurs er i mindre grad synleg i sentrum eller i områda tett på sentrum
- Overvatn vert i stor grad leia til røyr
- Vegetasjon som pryð er ikkje prioritert og det vert ikkje planta til etter sesong
- Vedlikehald av vegetasjon er lågt prioritert
- Mye randsonevegetasjon og «tilfeldig» vegetasjon.

Leik/opphald/rekreasjon:

Sartorplassen er det naturlege midtpunktet i dagens sentrum. Sjølv om området rundt enno ikkje er fullt ut opparbeidd, har plassen i stor grad lukkast som ein velfungerande møteplass og arena for ulike aktivitetar og arrangement. Kommunedelplanen for Straume definerte denne offentlege plassen som «festplassen» og det vert den i stor grad brukt som. Med eit utvida sentrum nordover og fleire bebuarar på sikt, vil det bli behov for ein større samlingsplass for store arrangement. Det er likevel viktig at desse er fleifunksjonelle slik at areala ikkje blir ståande tomme når det ikkje er arrangement.

Ved involvering av innbyggjarane i parallelloppdraget for det framtidige Stovevatnet (2022-23), kom det fram at fleire sakna ein eller fleire store parkar med grønne flatar sentralt i sentrum. Mange etterlyste areal til hundelufting, frileik og parkliv. Større grønne areal gir rom for å kunne utfalda seg på ein annan måte enn i grøntområde og parkar med mindre flatar. Sartorlunden har sin funksjon som vandrepark med nokre aktivitetar og har mange plantesortar som stimulerer sansane, men den har ikkje dei store grønne flatane slik som t.d. Nordnes og Nygårdsparken kor folk samlast og ha varierte aktivitetar på ein god sommardag. Med eit utvida sentrum mot nord, bør det leggjast til rette for eit offentlig byrom med ein stor park som har kapasitet til å romme både kvardagsliv og store samlingar ved høgtider og merkedagar.

Ved bygging av nye bustadar i sentrum vil det bli eit aukande behov for eit større mangfald av rekreasjonsområde og gjerne overbygde møteplassar som inviterer til opphald uansett vær og vind. Sjølv om det er behov for fleire, har det dei siste åra har det blitt etablert nokre nye velfungerande rekreasjonsområder i sentrum.

Leikeplassen i den søre delen av Sartor senter er eit godt døme på korleis ein kan kombinere private og offentlig tilgjengelege uterom på ein funksjonell og inkluderande måte. Dei private hagane er tilbaketrekte, og bustadblokkane sine uteareal ligg på eit høgare nivå enn leikeområdet, som også er ein del av prosjektet. Desse to nivåa er bunde saman gjennom ein rutsjebane og ei tribune, og leikeplassen er open og tilgjengeleg for alle. «Tribuna» ligg sørvendt til og har le frå nordavinden. Det er dermed ofte gode lokalklimatiske forhold som gjer at området tiltrekk seg både kundar frå senteret, vaksne, ungdommar og barn. Arealet kan nyttast av dei som vil ha seg eit avbrekk frå shoppinga og vil nyta finværet, eller for dei som både bur og besøker området. Leikearealet vert

også mykje nytta av både barnehagane på Straume. Straume har behov for fleire slike møteplassar som tilbyr gode lokalklimatiske forhold og som er tilpassa ulike brukargrupper.

Grønappen er merka som ein offentleg plass i kommunedelplanen for Straume og vart ferdig opparbeidd i 2019. Med sitt innhald retta spesielt mot ungdom har den også blitt ein velfungerande som møteplass og fungerer godt for fleire brukargrupper. Med ein kafé og uteservering like ved, vert det generert eit sentrumsliv som skapar gode synergieffektar. Besøkjande på kafeen har utsikt ut mot gatelivet og Grønappen vert eit sterkare målpunkt når det er liv og røre på torget og aktive fasadar i 1. etg. Folk trekkjer folk og det aktive gatelivet er alltid noko ein søker i byromma og byplanlegginga. Grønappen er eit vellukka prosjekt som viser korleis offentlege rom kan skape liv og samhald i sentrum.

Sentrum burde med stor fordel ha vore påkopla naturen som ligg rundt. T.d. Geitevikja i sør eller Straumfjellet i aust. I tillegg treng Straume fleire grøntområde og friområde med enkel tilrettelegging, slik at innbyggjarane i sentrum kan oppleve å vere nærare naturen og lett få tilgang til desse områda. Her ligg det mellom anna eit stort potensiale i Varden like ved Straume panorama, og i arealet bak Straume panorama og i Skjenemarka like aust for Øygarden Rådhus.

Straume har definitivt fått fleire gode møteplassar i nyare tid, men behovet er ikkje dekkja. Vi har behov for eit endå breiare mangfald av møteplassar og ikkje berre tradisjonelle leikeareal. Vi har til dømes behov for mindre lommeparkar og temaparkar, og som parallelloppdraget sa: *Noko så enkelt som ein benk og litt fargerik vegetasjon, riktig plassert i solfylte og lune omgjevnader, kan vera nok til at det oppstår ein uformell møteplass som gir kvalitet til staden, og skapar kontakt mellom dei som ferdast i sentrum.* Det er dette mangfaldet vi treng, spesielt når sentrum vert meir tettpakka med bygg kor slagskuggane beveger seg gjennom dagen. Vi har behov for areal med ulik storleik spreidd rundt om slik at det alltid er nokre areal som er solfylte. Dette er ein plass kor mange barn og unge skal veksa opp, og vaksne skal bli gamle.

Oppsummerande punkt for lek/opphald/rekreasjon:

- Sentrum har fått fleire nye gode møteplassar, men vi treng fleire med ulike storleik og innhald.
- Det vil bli behov for eit nytt hovudtorg eller «demokratisk» plass for arrangement når sentrum vert strekt nordover.
- Vi har behov for ein eller fleire større parkar, men også mindre lommeparkar
- Gode lokalklimatiske tilhøve må vektleggast ved etablering av nye møteplassar. Straume har mykje vind og nedbør. Baldakinar og overbygg bør nyttast i større grad.
- Vi har behov for noko meir enn dei tradisjonelle leikeplassane, men også ein større offentleg leikeplass sentralt.
- Rekreasjonsareal og møteplassar tett opp mot næringslokale i 1.etg kan skapa gode synergieffektar.

4. Anbefaling til vidare arbeid med Straume:

1. Bygg eller forsterk koplingar mellom dei eksisterande grøntområda.

Vi bør kopla saman dei grønne areala vi har, og ikkje byggja ned meir grønt. Søk å oppnå mest mogleg samanhengande grønstruktur. Samanhengande grønstruktur gir moglegheit for at

dyr og insektar kan forflytta seg og formera seg. Nye reguleringsplanar og byggeprosjekt må alltid sørgja for å oppretthalda vegetasjon og gjenetablere tidlegare vegetasjon som har gått tapt, eller etablere ny.

2. **Bygg ein ny bypark og eit offentleg torg med plass til mange menneske** . Ved planlegging av den nye bydelen på det tidlegare Stovevatnet, bør det leggjast til rette for ein bypark kombinert med eit torg av mellomstor storleik. Paralleloppdraget peikar på behovet for ein park og demokratisk plass som kan fungera som ein naturleg samlingsstad i det utvida sentrum.
3. **Bygg ein naturpark på Skjenemarka aust for dagens rådhus som har låg grad av opparbeiding.**
4. **La naturens naturlege uttrykk dominere ved tilrettelegging av nye grøntområde.** Varden og friområda aust for Sartor senter bør bevare mest mogleg vegetasjon ved tilrettelegging innanfor desse områda. Lyreneset på Laksevåg kan vera eit prosjekt å sjå til. Her er naturen bevart, men menneske er velkomne på naturens premisser.
5. **Bruk meir vegetasjon for til pryd.** Straume er grått og beplantning for estetikkens skuld høyrer bybiletet til. Kommunen, næringslivet og private bør satsa på å beplanta etter sesong for å dra fargar og lukt inn i dei urbane miljøa. Dei fleste menneske trivs betre i fargerike og grønne omgjevnadar, og meir utsikt mot grønne areal påverkar menneskes mentale helse positivt. Årstidsvariasjonane må bli synleg gjennom tilplanting.
6. **Ta vare på bufferareal og kantvegetasjon.** Ved planlegging av nye område må all vegetasjon innanfor eit areal registrerast for å sjå om grønstrukturen er viktig for heilskapen av grønstrukturen på Straume.
7. **Bruk vegetasjon som trivs i miljøet og passar inn og som ikkje utgjer ein risiko.** Vi skal ha god kjennskap til plantar vi tilfører inn i nye områder slik at artane ikkje utgjer ein økologisk risiko og skade på naturen.
8. **Etabler mindre lommeparkar og legg til rette for opphald i område med gode lokalklimatiske tilhøve.**

Straume er vindfullt. Kor vi plasserer uteareal og korleis dei vert utforma er av betydning for om dei vil bli nytta eller ikkje. Vi skal legge til rette for uterom med varierende storleik, mellom bygg og i område som vil bli naturlege treffpunkt i sentrum. Desse bør liggja vendt mot ulike himmelretningar og vera skjerma for dei mest framherskande vindretningane.